

## **Behandling med Tamiflu for pasientar med sannsynleg influensa A(H1N1)**

Dersom du har influensa, kan behandling med Tamiflu forkorte sjukdomsperioden og redusere risikoen for komplikasjonar dersom behandlinga startar så tidleg som mogleg etter sjukdomsutbrot.

Helse- og omsorgsdepartementet har innført ei mellombels ordning som også gjev farmasøytane i apotek rett til å skrive ut Tamiflu og Relenza. For å få utlevert medisinen, må du fylle ut eit eigenmeldingsskjema.

### **Tamiflu til personar i risikogrubbene**

Høyrrer du til ei av risikogrubbene og du har feber og andre symptom som tørrhoste, muskelsmerte, sår hals eller snue, anbefaler helsestyresmaktene at du startar behandling med Tamiflu så fort som mogleg (seinast innan 48 timar) etter at du har vorte sjuk med ein eller fleire av dei nemnte symptomata. Dette er særleg viktig om du veit at fleire i ditt nærområde har influensa.

### **Personar utanfor risikogrubbene**

Dersom du har feber og andre symptom som tørrhoste, muskelsmerte, sår hals eller snue, kan du også få behandling med Tamiflu dersom du ønskjer det. Dersom fleire i ditt nærområde har influensa, er det sannsynleg at du også har denne sjukdomen dersom du har symptomata som er nemnt ovanfor. Om behandling med Tamiflu skal ha effekt, er det viktig at behandling startar så fort som mogleg (seinast innan 48 timar) etter at du har vorte sjuk.

### **Førebyggjande behandling med Tamiflu**

Helsestyresmaktene anbefaler førebyggjande behandling med Tamiflu til personar i risikogrubbene dersom nokre av nærkontaktane deira får influensa. Gravide blir anbefalt førebyggjande behandling med Relenza dersom nokre av nærkontaktane deira får influensa. Gravide kan få utlevert Relenza på apotek på same måte som Tamiflu.

### **Når skal du kontakte lækjar**

Dersom du er alvorleg sjuk, skal du alltid kontakte fastlækjaren din eller lækjarvakta.

## Utlevering av Tamiflu

For å få utlevert Tamiflu utan resept frå lækjaren, må du fylle ut eit eigenmeldingsskjema som inneheld opplysningar om sjukdomsbilete og personlege opplysningar (blant anna personnummer). Dette er naudsynt fordi det er eit krav at behandling med Tamiflu blir journalført. Du kan laste ned dette skjemaet på internett, [www.pandemi.no](http://www.pandemi.no) (frå torsdag 5. november), eller få det utlevert på apotek.

Dersom du ikkje kan kome til apotek innan eit døgn etter at du har vorte sjuk, bør du ta kontakt med lækjarvakt der du også kan få utlevert Tamiflu. Ein del apotek er opne på søndagar.

Det er ikkje naudsynt at den sjuke sjølv leverer eigenmeldingsskjema på apotek. Du kan få utlevert Tamiflu for andre, dersom til dømes nokon i familien din er sjuke. Du må ha med eit eigenmeldingsskjema for kvar person du skal hente Tamiflu for.

## Takst og pris

Det blir også innført ei førebels ordning med redusert betaling for lækjemidla, 50 kr for Tamiflu og 51 kr for Relenza. Pasientar som ikkje har resept frå lækjar, må i tillegg betale 20 kroner for rekvireringa på apotek. Pasientar som nyttar seg av denne ordninga på apotek, vil derfor betale ca. 70 kroner per lækjemiddelpakning. Den reduserte eigenbetalinga for lækjemidla er ei eiga ordning i samband med pandemien, og pasienten kan derfor ikkje bruke frikort.